

FYLKESTINGSGRUPPENS ÅRSMELDING

Fylkesvaraordfører
pal.karbo@hfk.no

*Pål
Kårbø*



Året 2017 vart eit spesielt år for KrF si fylkestingsgruppe, og særleg for meg personleg. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun vart på kort varsel langtidssjukemeldt. Difor måtte eg, som fylkesvaraordfører, tre inn som fungerande fylkesordfører. I starten var det svært uklart kor lenge det ville bli slik, etter kvart så såg vi at dette ville ta tid. Samla sett fungerte eg som fylkesordfører i nesten 10 månader. Etter kvart som eg vaks inn i rolla, så trivdes eg betre og betre. Eg fekk også gode tilbakemeldingar på at ting fungerte. Som fungerande fylkesordfører så vert ein svært mykje meir synleg også i media. Dette gjev både fordeler, men også ulemper. Det siste mest avdi rolla tilseier at eg også måtte svare på, og forklare vedtak der fylkeskommunen skal spare pengar, omstrukturere, og evt sei nei til gode prosjekt.

Avdi lengda på opprykket i starten var svært uklart, så fungerte eg òg som gruppeleiar. Etter kvart så såg vi at dette ikkje var tenleg (særleg undervegs i fylkestingsmøta). Som nestleiar i gruppa så fungerte Beate i starten som gruppeleiar. Avdi Beate, utifrå sin eigen arbeidssituasjon ønskte det, så vart Tor Andre for månadene mai og juni valgt til gruppeleiar.

Store saker i 2017 har vore forhandlingar og vedtak om samanslåing av dei to fylka Hordaland og Sogn og Fjordane, Byvekstavtale for Bergen, Regional transportplan og framtidig driftsform av Bybanen.

Regionreforma

Som følge av at Rogaland fylkeskommune einstemmig sa nei til ein ny Vestlandsregion med tre fylker, så vart det i januar 2017 nye forhandlingar mellom Hordaland og Sogn og Fjordane.

Som fungerande fylkesordfører så leia Pål forhandlingane på vegne av Hordaland, og signerte intensjonavtalen i lag med fylkesordfører Jenny Følling i Sogn og Fjordane. På eit ekstraordinært fylkesting i starten av februar, vedtok eit fleirtal i fylkestinget å arbeide vidare etter den framforhandla intensjonsplanen.

I juni gjorde Stortinget vedtak om at landet frå 1/1-2020 skal ha 11 regionar, der dei to nevnte fylka vert ein ny region/fylkeskommune. Dette vart markert med felles fylkesting på Gulating i Gulen kommune 27.oktober.

I det vidare samanslåingsarbeidet er det valgt ei fellesnemnd sett saman av dei 2 fylkesutvala, dvs 15 medlemmer frå Hordaland og 9 medlemmer frå Sogn og Fjordane.

Byvekstavtale

Store delar av vårsemesteret var det forhandlingar om midlar til vidare samferdslesløft i og rundt Bergen. I desse forhandlingane var det 3 partar:

1. Staten v/vegdirektør Terje Moe Gustavsen/ direktør for Jernbanedirektoratet Elisabeth Enger/fylkesmann Lars Sponheim
2. Bergen kommune v/byråd Anna Elisa Tryti
3. Hordaland Fylkeskommune v/fung fylkesordfører Pål Kårbø

Vi hadde tette og intensive møte, der staten lova å stilla med 50 % økonomisk medverknad, gitt at vi lokalt fekk til 50 %. Essensen i forhandlingane var trafikkdempende tiltak, streng arealpolitikk og utvida bompengering.

Regional transportplan

Hordaland fylkeskommune sin eigen transportplan var ute på høyring i 1.halvår. På møtet i fylkestinget i desember vart handlingsprogrammet vedteken. Det ligg inne mykje midlar i programmet, likevel er det på langt nær nok. Vedlikehaldsetterslepet og oppgraderingsbehovet på fylkesvegane er estimert til 7,3 mrd i Hordaland. Denne summen er så stor at vi treng ein nasjonal handlingsplan for å oppfylle behovet.

Framtidig organisering av drifta av Bybanen

Mot slutten av året var det også ein større politisk debatt om kor vidt drifta av Bybanen framleis skal konkurranseutsettast, eller om denne skal overtakast i egen regi. Svært fort så vart dette ein ideologisk debatt, med klassiske venstre – høgre skiller. For KrF sin del så hadde vi ein pragmatisk tilnærming til dette. Det er argument som kan vektast begge vegar.

Etter grundig drøfting så stemte gruppa for framleis konkurranseutsetting, dette utifrå særleg to argument: Vi veit kva vi har som fungerer, og ikkje kva vi får. I tillegg så meiner vi at når hovudfokuset politisk og administrativt frametter skal vera regionsamanslåinga, så er det feil tidspunkt no å setja i gang nye store omorganiseringar



Ved åpningen av Kystsoegevekene



Pål Kårbo sammen med maskoten til sykkel-VM



Undertegning av byvekstavtale med Tryti og Solvik-Olsen



Fylkestingsgruppen på studietur til London våren 2017

Leiar utval for kultur,
idrett og regional
utvikling

beate.husa@gmail.com

*Beate
Husa*



Det er eit spennande, utfordrande og lærerikt ansvar å få lede Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i Hordaland fylkeskommune. Utvalet jobbar godt, og det er særleg kjekt å oppleve at medlemmane, uavhengig av parti, svært ofte finn fram til samrøystes vedtak i krevande saker. Utvalet skal være pådrivar for politikkutforming innan våre saksfelt, og saksfelte er omfattande.

Kultur

Innan kultur har vi mellom anna ansvar for å gjere vedtak i ei lang rekke tildelingssaker. Her er det KIRU som gjer endeleg vedtak. På fylkeskommunen sine sider vil ein kunne sjå oversikt og tildelingskriteriar for desse tilskota, og eg anbefalar alle om å studere oversikta for å kunne gi råd til sine lokale aktørar om tilskota ein kan søke. Oversikten finn ein her: hordaland.no/tilskot

Hordaland er eit rikt kulturfylke, både blant amatørar og profesjonelle utøvarar. Fylkeskommunen bidrar med midlar som har som mål å stimulere og bidra til nyskaping. Kulturplanen legg til grunn ei særleg støtte til arbeid blant barn og unge. Vi ønsker og å bidra med midlar til lokale og regionale kulturhus, og ønsker å støtte arbeidet med å få tjenlege kulturhus i alle region-sentra. Støtten til dette vart auka i budsjettvedta- ket i desember 2017.

Prosjektet knytt til nytt scenekunsthuss i Sentralbadet er ei større kulturpolitisk sak som har fått ein del medieomtale i 2017. Det er laga eit skisseprosjekt som viser korleis bygningen kan byggjast om til å innehalde øvingsrom og scene for dansekompaniet Carte Blanche og BIT Teatergarasjen.

Desse to aktørane har eit stort behov for snarlig løysing knytt til sine arealbehov. Regjeringa bevilga pengar til dette arbeidet i sitt reviderte budsjett for 2018. Men i tildelinga er det lagt opp til at staten løyver ein tredjedel av investeringa medan to tredjedeler må finansierast lokalt. Dette er problematisk for fylkeskommunen av to grunnar: For det første har fylkeskommunen ein svært høg gjeldsgrad som gjer at ytterlegare lån bør unngås. Å finansiere eit tilskot over drift vil gå på bekostning av øvrig kultursatsing. For det andre har staten ein eigarandel i Carte Blanche på 70 prosent medan Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune eig 15 prosent kvar. Då verkar ein tredeling av investeringa noko urimeleg. Saka er dermed uløyst i det vi går inn i eit nytt år, og fylkestinget har sagt at ein forventar at staten bidreg i tråd med sin eigarandel.

Ei flott oppleving i året som har gått var opninga av modellbibliotek i Samnanger. Dette må være eit av få bibliotek i landet med sjøutsikt! Eit modellbibliotek er meir enn berre utlån av bøker, det er eit fleksibelt areal med bokhyller på hjul. Slik kan ein med enkle grep lage kulturaktivitetar, forestillingar og forfattarbesøk. Ei bygd kan få sitt eige kulturhus med moderate investeringar. Fylkeskommunen gjev økonomisk og praktisk støtte til slike prosjekt.



En selfie i forkant av møte i fylkestinget i Ullensvang

Idrett

På idrettsfeltet er det kjekt å registrere at det blir bygd og oppjustert anlegg for idrett og fysisk aktivitet over heile fylket vårt. I 2017 vart det søkt om mange nye prosjekt gjennom ordninga med spelemidler. KIRU har ansvaret for tildelinga av desse midlane. Vi merker oss særleg at søknadsmassen har auka og at vi no ligg på 2. plass blant fylka i landet når det kjem til søknader. Berre Rogaland slår oss. Jo fleire søknader vi har jo større del av den nasjonale potten vil vi få. Alle kommunar og aktørar har høve til å kontakte idrettsavdelinga på fylket for å få råd og hjelp til anleggsutvikling. Dei har høg kompetanse.

Eg gler meg særleg over at fleire kommunar som ikkje har hatt stor idrettshall får dette innan kort tid, mellom Anna Fusa og Øygarden. Her har fylket bidratt med 2 millionar i investerings-tilskot, dette kjem i tillegg til spelemidler. I planlegging av nye anlegg anbefalar vi å tenke heilskap, der ein kombinerer ulike delar slik at heile familien kan være i aktivitet samtidig. Til dømes har mange idrettslag laga turløyper i nærleiken av anlegga sine. På den måten kan til dømes barna trene ballsport medan mor eller far tar seg ein joggetur. Spelemidler kan brukast til både utarbeiding av løyper, og vidareutvikling av desse med lyssetting, aktivitetar langs løypa og liknande. Om turløyper er tilrettelagt for rullestolbrukarar og barnevogn er det eit stort pluss.

Eit kriterie for å søka spelemidler er at kommunen har ein idrettsplan. Denne treng ikkje være omfattande, men samstundes er det viktig å gjere ei kartlegging slik at ein ikkje berre bygger fotballbaner og ballbinger. Lindås kommune har i så måte gjort eit viktig arbeid som kan være til inspirasjon for andre kommunar.

Regional utvikling

Innan regional utvikling er det særleg viktig for meg å trekke fram ønske om tett dialog mellom meg som representant i KIRU og våre lokalpolitikarar. Dette gjeld særleg når KIRU skal handsame kommunale arealplanar. Her har KIRU høve til å fremme motsegn dersom planen strir med regionale og nasjonale interesser. Sjølv om det nokon gonger kan være ein del støy rundt planprosessar, og mange kan oppleve at ein frå fylkeskommunen si side har krevande innvendingar, viser statistikken at ein ganske sjeldan brukar motsegn retten. KIRU har ønske om å være løysingsorientert, og reiser stadig på synfaringar for å være trygge på sine avgjerder. Difor er det veldig fint å få innspel tidleg dersom ein veit om ting det kan bli motsegn til. KIRU får sakene omlag ei veke før handsaming. Det er ikkje alltid vi som er politikarar veit kva dialog ein har hatt med den fylkeskommunale administrasjonen før saken er klar frå rådmannen. Dersom eg ser at rådmannen foreslår motsegn prøver eg å ta kontakt med våre politikarar så snart eg kan for å få innspel og dialog før vedtak blir fatta.

Denne korte oppsummeringa gjev eit lite innblikk i bredda av saker. Det er nettopp bredda og variasjonen som gjer arbeidet i utvalet så interessant og givande.



Beate Husa på stand sammen med KrFere på Askøy

Medlem utval for
opplæring og helse
taljosland@gmail.com

*Tor André
Ljosland*



Ny budsjettmodell

I 2017 ble det besluttet ny budsjettmodell for de videregående skolene. Historisk sett har høyresiden ønsket en tilnærmet stykkprisfinansiering, dvs at man får likt beløp pr.elev uavhengig av antall elever i klassen. Venstresiden har ønsket en klassemmodell, der man får et beløp pr klasse, uavhengig av hvor mange elever det er. KrFs har i forhandlingene fått gjennomslag for et godt kompromissforslag, som sikrer alle klasser en grunnfinansiering for 26 elever (studieforberedene), og et tillegg pr elev opp til full klasse på 30 elever.

Den nye modellen forutsetter at klassene har minst 85% oppfyltingsgrad for å være bærekraftig. Det kan bety at flere klasser med lavt søkertall må avvikles.

Navnsetting av vgs

Navnevalg av skoler vekker mye engasjement. Det ble fremmet en prinsippsak om hvorvidt skoler skulle ha geografiske navn, eller kunne ta navn etter kjente personer o.l. som f.eks Amaile Skram VGS. KrF gikk for at geografiske navn skal velges. Det er forutsigbart og åpner ikke opp for en gradering av skolene hvor "eliteskoler" skal få velge et annet navn for å tiltrekke seg flere elever.

Fraværet går ned

Etter innføringen av fraværsgrensen har timefraværet blitt halvert, og også det generelle fraværet har gått ned. Dette er veldig gledelig og er en trend i hele landet.

Satsing på yrkesfag

Den største og viktigste satsingen fremover er på yrkesfag. Her er også frafallet størst. Det er prioritert ekstra resurser til læremidler. Det viktigste virkemidlet er nok lærlingeplasser. Her ser vi at det fortsatt er mye som gjenstår. I tillegg åpner vi for et trendskifte, der vi legger større vekt på næringslivets behov. Et eksempel er elektrofag, hvor det er stor søkning, men få læreplasser. Da vil vi unngå å opprette elektroklasser, selv om det skulle være nok elevgrunnlag for å gjøre det.

Skolefrokost i alle skoler i løpet av perioden?

Etter gjentatte prioriteringer i budsjettene er det nå tilgjengelig skolefrokost på godt over halvpartene av skolene. Mange elever setter pris på dette tilbudet og flertallspartiene håper at alle kan ha et slikt tilbud i løpet av perioden.

Langhaugen

I budsjettet foreslo KrF at det skulle legges inn en ekstra klasse med musikk på Langhaugen vgs. Slik situasjonen er i dag er det svært få som kommer inn. Musikk er i realiteten kun tilgjengelig for de aller flinkeste elevene. Den nye klassen vil bli en realitet når skolen står ferdig rehabilitert.



Tor Andre Ljosland på stand på Lagunen med Fana KrF

Medlem utval for
miljø og samferdsel
ordforar@lindas.kommune.no

*Astrid Aa.
Byrknes*



Utval for miljø og samferdsel (MISA) skal innanfor sitt ansvarsområde arbeide med overordna politikkutforming for fylkeskommunen.

Utvalet skal utforme mål for fylkeskommunen si verksemd og prioritere tenestetilbodet innan ansvarsområdet sitt.

Utvalet gjev tilråding til fylkesutvalet i planleggings- og økonomisaker, mellom anna årsbudsjett og økonomiplan.

Utvalet har vedtaksrett i saker som gjeld fordeling av budsjetterte tilskots- og stønadsmidlar innan saksfeltet sitt.

2017 har vore eit aktivt år med mange saker innanfor samferdsle og miljøpolitikk:

- Utvalet har fremja regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet. Det er bla vedteke ein regional areal og transport plan i Bergensområdet.

- Utvalet har bidradd til ei videreutvikling av eit sikkert, miljøvenleg og framtidsretta transportsystem

- Gjennom det politiske fleirtalet er midler til fylkesvegnettet gjennom å satse på trafikksikringstryggleik styrka slik at det har vore mogleg å få meir punktutbetaling for å sikre trygge skuleveggar. Dette tiltaket har vore tatt godt imot ute i kommunane. Trafikksikring og haldningsskapande arbeid på dette området har i 2017 vore ei satsing for MISA

Fylkesvegnettet

Fylkesvegane er framleis ei stor utfordring i Hordaland. Fylkestinget vedtok i oktober 2011 Drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012–2021). I denne ligg målsetjingar om å stoppe veksten i forfallet innan 2017, noko som inneber at samla løyvingar til drift og vedlikehald må aukast med om lag 250 mill. kr pr. år.

I drifts- og vedlikehaldsstrategien var det overslag som tyder på at forfallet på vegnettet i Hordaland summerer seg til meir enn 3 mrd. kr. I dette overslaget ligg vurderingar av kva som skal til for å tilbakeføre vegane til opphavleg standard, altså ikkje oppgraderingar til den vegstandard som gjeld i dag. Det pågår no eit arbeid med rullering av gjeldande strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegane. Sentralt i dette arbeidet er ei oppdatering av det samla forfallet på vegnettet. Foreløpige analysar viser at forfallet har auka vesentleg dei siste åra. Kombinert med at klimaet endrar seg med meir flaum, skred og ekstrem nedbør.

I tillegg er fleire store vegprosjekt i fylket som har vore bompengefinansiert nedbetalt. Desse prosjekta krev større drifts- og vedlikehaldskostnader enn tidlegare. Dette gjeld spesielt bruar og tunnelar. Det er med andre ord enorme utfordringar på fylkesvegnettet.



Astrid og Knut Arild på kamp. Åshild Samnøy i Brann-styret t.h.

Kollektiv

Det er gledeleg å merke at vi i 2017 ser ei ny solid vekst for kollektivtrafikken. Gjennom det politiske arbeidet og prioriteringar ser vi det lønner seg å styrkje kapasiteten i kollektivnettet. Det har gjeve resultat.

Kollektivstrategien for Hordaland gjev fagleg grunnlag for prioriteringar, gjennom årleg rullerte handlingsprogram og som mandat for Skyss sitt ansvarsområde. Strategien peikar ut retning for korleis ein kan nå felles nasjonale og regionale mål om at veksten i persontrafikken skal takast med miljøvenlege transportformer. Dette er eit arbeid MISA har brukt mykje tid på.

Eit sentralt strategisk val har vore å tilpasse og styrke rutetilbodet der det er mange reisande, eller der potensialet for nye reisande er stort. Hordaland fylke har ein kompleks infrastruktur som gjer det utfordrande å sy saman eit godt rutetilbod i distriktet med korrespondanse mellom buss, båt og ferje. I tillegg gjer endringar i klima at fylket er meir utsett for ras og vegstengingar enn før.

Budsjett for kollektivområdet vert i budsjettet for 2017 styrka av belønningsmidlar. For 2017 er 30 mill. kr fordelt til styrka rutetilbod i bergensområdet.

Det er og fordelt midlar som sikrar drift av byggetrinn 3 på Bybanen. Det er utfordrande kvart år å sikre finansiering til drift av allereie iverksatte tiltak og samstundes finne rom for nye tiltak.

Utvikling av tilbodet for fleire kollektivreiser krev ressursar til planlegging både på kort og lang sikt. Bymiljøavtalen har fått sitt vedtak i 2017 etter omfattande forhandlinger mellom fylkeskommunen, staten og Bergen kommune. 2017 var også det året der vi førebudde og gjorde klart for implementering av ny sonestruktur i kollektivområdet.

Sykkel-VM

Hausten 2017 blei det arrangert Sykkel-VM i Bergen. Dette førte med seg ei omfattande omlegging av kollektivtilbodet i heile 14 dagar. Tilbodet var ein stor suksess. Ei god trafikkavvikling både for skule- og arbeidsreisande blei lagt til rette, og innbyggjarane måtte endre sine reisemåtar, men dette gjekk veldig greitt.

2017 har altså vore eit aktivt år i MISA, men der er ennå mykje ugjort og mange utfordringar å gripe fatt i. Eg ser fram til nok eit aktivt samferdsle år i fylkespolitikken



Astrid Byrknes og Sæbjørg Kjeka delte ut gule bananer på Knarvik skystasjon i valgkampen